







EID KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE			
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	11.09.2012
		Frå kl. :	10:15
		Til kl. :	13:15
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :			
	Møtte:	Forfall:	Merknader :
Roy Andre H Bruvoll	X		
Kristen Hundeide.		X	
Hilde Henriksen.	X		
Siv Emdal.	X		
Ørjan Tystad	X		
Personlege varamedlemmer :			
	Møtte:		
Ida Elisabeth Lien Ohrvik			
Karin Husevåg	X		
Eivind Bjørke			
Terje Johnsen			
Kåre Nils Os			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Andre som møtte :			
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Rådmann Ørjan Forthun Raknes sak 35/12. Revisor Gunnar Ryste sakene 33 - 36/12.			
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :			
SAKLISTA I MØTET :			
Sak 33/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.			
Sak 34/12 Skriv og meldingar			
Sak 35/12 Orientering - Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen.			
Sak 36/12 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar»			
Sak 37/12 Budsjett kontrollutvalet 2013.			
Sak 38/12 Orientering – protokollar utval/styre Eid kommune.			
Sak 39/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Eid			
Sak 40/12 Eventuelt			
Sak 41/12 Orientering - Rapport frå tilsybn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune.			
Sak 42/12 Effektivering av kommunestyresak 058/11 Sal av kommunale eigedomar.			
Merknader :			
UNDERSKRIFTER :			
 Roy Andre H Bruvoll (leiar)	 Siv Emdal	 Ørjan Tystad	
 Karin Husevåg	 Hilde Henriksen		
	 Asgeir Tveit, sekretær		

033/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	033/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

034/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat
Dato: 05.07.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	034/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 13-12: Vedtak kst sak 065/12 Prosjekt 4319 Asfaltering – sluttrekneskap.
- SM 14-12: Vedtak kst sak 066/12 Nordfjordeid skule trinn 2 – sluttrekneskap.
- SM 15-12: Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune, Fylkesmannen 26.06.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Vedr SM 15-12: Det vert oppretta sak vedrørende SM 15-12 Rapport frå fylkesmannen om tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune, datert 26.06.12.
- Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

035/12 ORIENTERING – STATUS I ARBEIDET MED Å LAGE PLANDOKUMENT FOR INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 04.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	035/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Eid kommune 27.06.12

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 25/11 Oppfølging kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen Eid kommune.
- Kontrollutvalsak 031/12 Orientering arbeid med plan for innkjøpsfunksjonen.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun møtte og orienterte generelt om planarbeidet og spesielt om plan for innkjøp:

- Planstrategi vedteken og forslag til planprogram er under arbeid.
- Planstrategi skal ikkje omfatte fagplanar.
- Dette inneber at det enno ikkje er nokon plan for innkjøp. Då plan for innkjøp er ein fagplan
- Det vil snart bli sett i gong eit arbeid med strategi for fagplanar.
- Enno utsikkert kva tid dette kan vere på plass.
- Men det kan forventast at ein overordna plan for fagplanar kan vere på plass i november.
- Fagplanane treng ikkje vere veldig omfattande.
- Ein kan forvente at dette kan vere på plass til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande.
- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.
- Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.

ORIENTERING – STATUS I ARBEIDET MED Å LAGE PLANDOKUMENT FOR INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vil ha status på korleis administrasjonen ligg an i høve til å følgje opp kommunestyret sitt vedtak om å utarbeide plandokument for innkjøpsfunksjonen i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Eid vedtok i møte 13.06.2012 i sak 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen følgjande: *Kontrollutvalet ber rådmannen om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet på korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp»*

Det er sendt brev til Eid kommune der ein ber om slik status 27.06.2012. Det er enno ikkje motteke svar på dette brevet.

Kommunestyret gjorde i sak 051/11 «Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune» 23.06.2011 bl.a. følgjande vedtak: *Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.*

I og med at det ikkje er motteke skriftleg svar på brev av 27.06.2012, vert rådmannen kalla inn til møtet i saka for å gje ei munnleg orientering. Rådmannen er orientert om dette ved at brev av 27.06.2012 er sendt på nytt med melding om innkalling til møtet.

036/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – DRIFT OG VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR - TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 06.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	036/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Drift og vedlikehald av bygningar” vert godkjent.
- Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Drift og vedlikehald av bygningar” vert godkjent.
- Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – DRIFT OG VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Drift og vedlikehald av bygningar.”

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 13.06.12 i sak 027/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2011 - 2015. Det er venta at kommunestyret vedtek planen i møte 06.09.12.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av det først prioriterte prosjektet i planen; «Drift og vedlikehald av bygningar». Utkastet ligg ved.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KIN, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KIN.
- Tilbakemelding frå KIN vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KIN i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KIN.
- Levering av prosjekt KIN til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Nordfjordeid september 2012

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT « DRIFT OG VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR » - EID KOMMUNE

Prosjektnamn

Drift og vedlikehald av bygningar.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Eid gav 13.06.2012 kommunestyret i Eid tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Eid gjorde 06.09.2012 i sak ??/12 Plan for forvaltningsrevisjon vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 036/12 28.08.2012.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Eid kommune ynskjer ei vurdering av om systemet for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar er tilfredsstillande.

Avgrensing av undersøkinga

Bygningar Eid kommune eig. Prosjektet skal ikkje omfatte vurdering av tilstanden til bygningsmassen.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- I kva grad har Eid kommune gode system for planmessig drift og vedlikehald av bygningsmassen?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

RSK001.
NOU 2004:22

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.


Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.

Rapport skal leverast innan 1. februar 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 36/12 11. september 2012.

Roy Andre Høyenes Bruvoll (s)
-kontrollutvalsleiar-



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

037/12 BUDSJETT FOR DRIFT AV KONTROLLUT VALET 2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat

Dato: 07.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	11.09.2012	037/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Melding til:

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for møtegodtgjersle Eid kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Vedtak for godtgjersle til folkevalde i Eid kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	2.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	47.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr.	5.000,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	10.000,-
11959: Kontingentar	Kr.	3.500,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	Kr.	<u>67.500,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	2.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	48.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr.	5.000,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	10.000,-
11959: Kontingentar	Kr.	3.500,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	Kr.	<u>68.500,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Eid kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Eid er satsar for godtgjersle vedteke i kommunestyrevedtak den 29.03.2012.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste : Ulegitimert kr. 180,- pr. time, maksimum 1.800,- pr dag inkludert feriepengar. Med legitimasjon (trekk løn) inntil 1.800,- pr døgn inludert feriepengar.
- Møtegodtgjersle medlemmer kr 650,- pr møte .
- Godtgjering til leiar i kontrollutvalet – 4% av ordførargodtgjering kr 26.000,-.

Eid kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor bør budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Eid kommune slik at dette er mogleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I EID 2013

Konto		Utrekna
11600 Køyregodtgjersle	2000 (6*3,9 kr*80 km)	1872
10800 Tapt arbeidsforteneste	5000 (4t*6*180kr*1,12)	4838,4 feriepengar
10800 Møtegodtgjersle (leiar)	27000	
10800 Møtegodtgjersle	16000 (6*4*650 kr)	15600
10990 Arbeidsgjevaravgift	5000 10,6% av møtegodtg	4982
11500 Kurs/seminar	10000	
11959 Kontingent FKT	3500	
	0	
Drift	68500	

038/12 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	038/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Protokollar vert fortlaufande sendt frå Eid kommune til dei respektive medlemene nemnt ovanfor.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

039/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	11.09.2012	039/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 4-2012 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 4-2012 – Eid vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 04. september 2012.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune.	09.06.11		Tilråding frå KU til kst: - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport ”Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune”, datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpsamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015. 09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU.
003/12Beredskapsplan ekstremver og liknande – Orientering v/rådmannen.	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - Kontrollutvalet vil følgje opp at kommunen set i verk dei tiltaka som vart skissert under orientering. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen for å få status i arbeidet på slutten av året.
023/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
024/12 Skriv og meldingar	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
025/12 Prosjektrekneskap – prosjekt 4319 Asfaltering	13.06.12		13.06.12 Tilråding til kst 13.06.12 s kst 21.06.12 Vedtak kst sak 065/12.
026/12 prosjektrekneskap –	13.06.12		13.06.12 Tilråding til kst

Prosjekt 4455 Nordfjordeid skule – byggjesteg 2.			13.06.12 s kst 21.06.12 Vedtak kst sak 066/12
027/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015	13.06.12		13.06.12 Tilråding til kst. 13.06.12 s kst. 04.09.12 s. e-post og bede om at saka vert lagt fram i kst 06.09.12. Ikkje lagt fram for kst
028/12 Orientering – protokollar styre i Eid kommune	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU – Teke til vitande - Ber om at saker og vedtak i sakene vert sendt medlmene i kontrollutvalet pr post.
029/12 Oppfølgingslite 3-2012 Eid	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU - Set opp sak om å kalle inn rdm for å orientere om ar med plan for innkj funksj.
030/12 Eventuelt	13.06.12		13.06.12 Veddtak KU – Tek opp sak om å følge opp kst sitt vedtak i sak 040/12 Fastset av barnehagesatsar for 2012 i private barnehagar. Sjå sak 32/12
031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU –Kontrollutvalet ber rdm om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.’ 27.06.12 Brev til Eid kommune. 04.09.12 Ikkje fått svar, bede om munnleg orientering i møte 011.09.12.
032/12 Fordeling av midlar til barnehagane - undersøking	13.06.12		13.06.12Vedtak KU: - Kontrollutvalet tingar følgjande undersøking frå Kommunerevisjonen i Nordfjord: Kontrollutvalet ber om at det vert undersøkt om Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til barnehagane i Eid kommune er i samsvar med reglane i Barnehagelova og retningsliner for slik fordeling. 27.06.12 Brev til KIN.
	13.06.12		

Oppdatert 04.09.2012.

040/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 04.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	040/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Neste møte i kontrollutvalet vert flytta frå 22. november til 20. november.
- Det vert oppretta sak vedrørende effektivering av kommunestyrevedta 58/11 Sal av kommunale eigedomar.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

041/12 ORIENTERING – RAPPORT FRÅ TILSYN MED BEHANDLING AV SØKNAD OM ØKONOMISK STØNAD FRÅ PERSONAR MED FORSYTINGSANSVAR FOR BARN I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	041/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saka vart teken opp under møtet på grunnlag av SM 15-12 Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune.

Sekretariatet si tilråding

--

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Sekom-sekretariat tek kontakt med Fylkesmannen for å få orientering om korleis fylkesmannen følgjer opp dei avvik som er avdekka i rapporten.
- Kontrollutvalet kallar evt. inn rådmannen v/NAV-leiar til neste møte i kontrollutvalet for å få orientering om det er laga rutinar for å få orden på dei tilhøva som er kommenterte som avvik i rapporten.

042/12: EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 058/11 – SAL AV KOMMUNALE EIGEDOMAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 11.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	11.09.2012	042/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

- Saka vart teken opp på møtet.
- Sjå sak 002/12 der det vart orientert om at bygningane ville bli lyste ut for sal i laupet av våren. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.

Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet:

- Saka vart teken opp i møtet.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet ber om skriftleg orientering om bygningane er lagde ut for sal.